



Sørvest Bomvegselskap AS  
Pb. 2623 Møhlenpris  
5836 BERGEN

Dato: 13.12.2017  
Vår ref.: 2016/34293-19  
Saksbehandlar: ingskei  
Dykkar ref.:

## Auka låneopptak for oppkjøp av bompengeselskap

Hordaland fylkeskommune vedtok i sak 41/2017 å stille garanti for lån som Sørvest Bomvegselskap AS tar opp. Hordaland sin del av garantien utgjør 22 mill. kr.

Bakgrunnen for låneopptaket var oppkjøp av BT Signaal AS. Men ein rekna med at det i startfasen ville bli behov for noko ekstra likviditet, ut over summen som gjekk med til oppkjøp av aksjane i BT Signaal AS. Dette er kommentert slik i saka: «I garantibeløpet og lånesøknaden er det dessutan tatt høgde for at det i oppstarten av selskapet kan bli behov for noko ekstra likviditet.»

Hordaland fylkeskommune er innforstått med at Sørvest Bomvegselskap AS kan utvide lånebeløpet, innanfor gitte garantirammer, for å kjøpe opp bompengeselskap som skal innfusjoneras i selskapet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*